



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.03.2026

Vår ref.: 202320108-36 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Sofie Moe Knudsen,
22 95 90 43, smk@nve.no

NVE gjev Statnett konsesjonsløyve til å oppgradere Ørsta transformatorstasjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag fatta vedtak om å gje Statnett SF anleggskonsesjon til ei utviding av eksisterande stasjonsareal for Ørsta transformatorstasjon med omkring 600 m², bygge ei ny transformatorcelle med grunnflate ca. 340 m² og høgde ca. 12 meter og justere traseen til 420 kV leidningen frå Sykkylven over ein strekning på om lag 450 meter. Statnett har òg fått løyve til å etablere ei ny kai i Sæbø, transportveg frå moloen til fylkesveg 655 og tiltak for ras- og flaumsikring nordaust for stasjonen. Anlegga ligger i Ørsta kommune i Møre og Romsdal.

Dagens situasjon inneber at kapasiteten i Ørsta transformatorstasjon nærmar seg kapasitetsgrensa, og nye kundar med behov for meir enn 1 MW må knytast til med vilkår om utkopling i pressa situasjonar. Forbruket i området er vidare venta å auke på grunn av ny næringsutvikling knytt til småindustri, fiskeoppdrett og transport. NVE meiner derfor det er behov for å gjennomføre tiltak som gir auka kapasitet og betre forsyningstryggleik til området, og at tiltaket som no får løyve er samfunnsmessig rasjonelt. NVE meiner tiltaket vil gje avgrensa negative verknader for miljø og samfunn med dei tilpassingane som er foreslått.

Konsesjonsdokumentet og notatet «Begrunnelse for vedtak» av i dag er tilgjengelege på www.nve.no/25757/A.

Denne orienteringa vert sendt til alle høyrings- og orienteringsinstansar. Den allmenne høyringa, er ein sentral del av NVE si konsesjonshandsaming. Gjennom denne prosessen, der ein kvar har høve til å kome med innspel og synspunkt, skal NVE sikre at alle sider ved saka er gjort reie for. Vi har no gjeve konsesjon og takkar for alle innspel og kommentarar som har kome i den allmenne høyringa.

Partsinnsyn

Forvaltningslova sine regler om partsinnsyn gjev grunneigar/rettshavar rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, gå til [elInnsyn](#), eller ta kontakt med sakshandsamar i NVE.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Klagerett

Du kan klage på avgjerda, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til søkar før saka vert lagt fram for Energidepartementet.

Ei klage må innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett. Partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (andre med spesielt nær rettsleg, økonomisk eller faktisk tilknytning til saka og organisasjonar som representerer interesser som vedtaket får verknader for) har rett til å klage på vedtaket. Å gje uttale eller på annan måte verte orientert om saka gjev ikkje i seg sjølv rett til å klage på avgjerda.

Spørsmål?

Ved spørsmål eller behov for nærmare opplysningar, ta kontakt med sakshandsamar i NVE, Sofie Moe Knudsen på tlf. 22 95 90 43 eller e-post smk@nve.no.

Med helsing

Ingrid Myrtveit
seksjonssjef

Sofie Moe Knudsen
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

Hovdenakk Grunneigarlag v/ Trygve Hovdenakk
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
Havforskningsinstituttet
ØRSTA KOMMUNE
Forsvarsbygg
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
TELIA NORGE AS
TELENOR NORGE AS
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Kystverket
AVINOR AS
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
DNT SUNNMØRE
Fiskeridirektoratet
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Sunnmøre Friluftsråd
Møre og Romsdal Bondelag
Fortidsminneforeningen i Møre og Romsdal
FISKEBÅT
Fiskerlaget Sør
NORGES LUFTSPORTFORBUND
MOTVIND NORGE
STIFTELSEN MUSEUM VEST
Møre og Romsdal Natur og Ungdom
Pelagisk forening
LINJA AS
SVERRE HJELMELAND
HOVDEBYGDA IDRETTSLAG

Kopimottakarliste:

STATNETT SF
STATNETT SF - Odd Egil Nisja
STATNETT SF - LARS STØRSET

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.